

Vurderingsrettleiing

2012

SAM3029 Entreprenørskap og bedriftsutvikling 2
Til sentralt gitt skriftleg eksamen

SAM3029 Entreprenørskap og bedriftsutvikling 2

Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2012

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

1. Generelt om entreprenørskap og bedriftsutvikling

Faget entreprenørskap og bedriftsutvikling skal gi eleven forståing for at entreprenørskap og innovasjon er viktig for verdiskaping og velferd. Evne til omstilling og nyskaping er sentrale tema.

Faget er allmenndannande, studieførebuande og yrkesretta. Det skal medverke til teoretiske kunnskapar og praktiske dugleikar knytte til innovasjon, bedriftsutvikling og verdiskaping. Faget skal òg gi kunnskap om tverrfagleg forståing, samarbeid og nettverksbygging.

Opplæringa skal leggje til rette for bruk av ulike læringsarenaer som kan gi teoretisk og praktisk tilnærming til faget, og som kan stimulere til samarbeid med arbeids- og næringslivet.

2. Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen i entreprenørskap og bedriftsutvikling 2

Førebuing: 1 dag

Eksamen: 5 timars sentralt gitt skriftleg eksamen med sentral sensur

Førebuingsdagen er obligatorisk skoledag. På førebuingdagen får elevane oppgitt eit eller fleire tema i form av tekst og tal eller kjeldetilvisingar, som dei skal setje seg inn i. Innhaldet i førebuinga skal medverke til å førebu elevane på eksamen, men ikkje vere så konkret at det avslører eksamensoppgåvene.

Til eksamen er heile læreplanen aktuell. Det inneber at elevane til eksamen også kan prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingdelen. Det er derfor viktig at elevane får rettleiing i å sjå dei moglegheitene som førebuingdelen rommar, slik at dei kan møte eksamensoppgåver som koplar innhaldet i førebuingdelen til heile læreplanen.

3. Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen i entreprenørskap og bedriftsutvikling 2

Førebuing: På førebuingdagen er alle hjelpemiddel tillatne. I førebuingstida kan eleven samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

Eksamen: Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.

Gjennom opplæringa skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege.

4. Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må desse kjeldene førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

For at sensor skal finne fram til kjeldene, bør eleven føre opp kjelder undervegs i svaret.

5. Vurdering av eksamenssvar i entreprenørskap og bedriftsutvikling 2

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova § 3-25 slår fast:

Eksamen skal organiserast slik at eleven kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven slik den kjem fram på eksamen.

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller ei kompleks oppgåve.¹

Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.²

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i alle læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor kunne prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen. Grunnleggjande ferdigheiter utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag.

Forskrift til opplæringslova § 3-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

a) *Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.*

¹ St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

² Forskrift til opplæringslova §3-3.

- b) *Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.*
- c) *Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.*
- d) *Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.*
- e) *Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.*
- f) *Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.*

Kjenneteikna på måloppnåing beskriv nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie til skriftleg eksamen.

Det blir lagt vekt på at svaret er relevant i forhold til oppgåva. Det vil ikkje bli sett bestemte krav til lengd, men oppgåvesvaret vil bli vurdert ut frå kvalitet og ikkje kvantitet. Eit godt oppgåvesvar skal vere presist, ikkje utflytande.

Oppgåvesvaret bør vere godt strukturert. Det er ofte lurt å byggje opp svaret i ei innleiing, ein hovuddel og ei oppsummering. Eleven bør ta utgangspunkt i teorien, bruke teorien i det praktiske casen og ha ei oppsummering til slutt i svaret.

6. Kjenneteikn på måloppnåing i entreprenørskap og bedriftsutvikling 2

Sjå neste side.

Hovudområde	Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6	
Bedriftsutvikling	vurdere vidareutvikling av en forretningsidé	Gjer greie for kva ein forretningsidé er, kva krav som blir stilte til innhaldet, og formulerer ein ny forretningsidé.	Gir ei oversikt over grunnlag som er nødvendige for å utvikle forretningsideen vidare, og moglege nye forretningsidear.	Bearbeider informasjonsgrunnlaget, og gir ei tilråding om forretningsideen bør utviklast vidare eller ikkje.
	drøfte behovet for nye selskapsformer i en virksomhet	Beskriv dei aktuelle selskapsformene.	Grunngir behovet for ny selskapsform.	Vurderer aktuelle selskapsformer og gir ei tilråding med utgangspunkt i eksamensoppgåva.
	vurdere og gjennomføre en organisasjonsutvikling	Forklarer kort kva organisasjonsutvikling inneber, og korleis ho kan gjennomførast.	Viser grunnlaget for organisasjonsutviklinga, og beskriv metodar for å utvikle ein organisasjon.	Vurderer behovet for ei organisasjonsutvikling og viser praktisk forståing for korleis ei organisasjonsutvikling blir gjennomført knytt til eksamensoppgåva.
	kartlegge kompetansebehov og lage en plan for kompetanseutvikling	Forklarer omgrepa kompetansebehov og kompetanseutvikling, og viser til ulike former for opplæring.	Beskriv korleis ein kan kartleggje kompetansebehovet i ei bedrift, kva opplæringsformer bedrifta kan bruke, og kva som kan vere innhaldet i ein kompetanseutviklingsplan.	Utarbeider ein kompetanseutviklingsplan som inneheld konkrete forslag til korleis bedrifta skal kartleggje kompetansebehovet, og kva opplæringsformer bedrifta bør velje.
	analysere kapitalbehovet og utarbeide økonomiske kalkyler for en virksomhet	Definerer omgrepa kapitalbehov, finansiering og økonomiske kalkyler.	Utarbeider økonomiske kalkyler og gjennomfører berekningar for å kartleggje kapitalbehovet.	Analysere kapitalbehov på bakgrunn av økonomiske kalkyler og informasjon gitt i eksamensoppgåva.
	vurdere og vidareutvikle marknadsstrategi	Gjer greie for dei ulike verkemidla som er grunnlaget for ein marknadsstrategi.	Gjer greie for vurderingsgrunnlaget for ei utvikling av marknadsstrategien og viser enkle forslag til endringar i denne strategien.	Vidareutviklar marknadsstrategien med konkrete forslag til endringar som er grunnlagt ut frå teori og informasjonen i eksamensoppgåva.
	utarbeide en strategiplan som ivaretar etiske og miljømessige forhold	Forklarer kva som er meint med etiske og miljømessige forhold.	Lagar ein enkel plan for etiske og miljømessige forhold.	Utarbeider ein strategiplan som tek vare på etiske og miljømessige forhold ut frå eksamensoppgåva.
Innovasjon	forklare begrepet innovasjon og diskutere hvordan innovasjonsprosesser foregår	Forklarer omgrepet innovasjon og beskriv ein innovasjonsprosess.	Gir ei grundig oversikt over korleis ein innovasjonsprosess kan gå føre seg, og forhold som påverkar denne prosessen.	Diskuterer korleis innovasjonsprosesser går føre seg, inkludert korleis omgivnadene påverkar prosessen, knytt opp mot eksamensoppgåva.
	drøfte betydningen av innovasjon for en bedrifts konkurransevne og verdiskaping	Forklarer kort omgrepa innovasjon, konkurransevne og verdiskaping.	Viser samanhengen mellom innovasjon og konkurransevne og verdiskapinga i bedrifta.	Viser forståing for kva innovasjon kan ha å seie for konkurransevne og verdiskapinga til bedrifta.
	drøfte hva ledelse og bedriftskultur betyr for innovasjon	Forklarer kort omgrepa leiing, bedriftskultur og innovasjon.	Viser samanhengen mellom leiing og bedriftskultur knytt til innovasjon.	Viser forståing for kva leiing og bedriftskultur har å seie for innovasjon knytt opp til eksamensoppgåva.
	gjennomføre en utviklingsprosess for et produkt	Forklarer kort dei ulike fasane i ein utviklingsprosess.	Beskriv fasane og gir praktiske eksempel.	Beskriv ein utviklingsprosess med bakgrunn i teori og gode refleksjonar, som byggjer på eksamensoppgåva.
	drøfte nye forretningsmodeller og presentere forbedringstiltak	Gir ei oversikt over nye forretningsmodellar, og kjem med nokre forslag til forbedringar.	Gir ei grundig oversikt over ulike nye forretningsmoglegheiter, og foreslår fleire aktuelle forbedringstiltak.	Vurderer ulike konkrete nye forretningsmodellar opp mot kvarandre, presenterer konkrete forbedringstiltak knytte opp til eksamensoppgåva, og gir ei tilråding.

Hovudområde		Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Internasjonalisering	diskutere Norges rolle i et internasjonalt økonomisk perspektiv	Gir ei kort oversikt over Noregs betydning i internasjonal handel i dag.	Gjer greie for Noregs rolle i eit internasjonalt økonomisk perspektiv.	Viser forståing for Noregs rolle i eit internasjonalt økonomisk perspektiv ut frå temaet i eksamensoppgåva.
	gjøre rede for nasjonale samarbeidspartnere i internasjonal handel	Skriv kort om nasjonale samarbeidspartnarar i internasjonal handel.	Kartlegg kva dei ulike nasjonale samarbeidspartnarane i internasjonal handel kan hjelpe bedriftene i eksamensoppgåva med.	Vurderer og grunngir kva for nasjonale samarbeidspartnarar som er aktuelle i eksamensoppgåva.
	gjøre rede for hvordan sentrale internasjonale økonomiske organisasjonar regulerer internasjonal handel	Skriv kort om sentrale internasjonale økonomiske organisasjonar.	Forklarer korleis dei sentrale internasjonale økonomiske organisasjonane regulerer internasjonal handel.	Vurderer betydninga av korleis dei sentrale internasjonale økonomiske organisasjonane regulerer internasjonal handel.
	presentere forretningskulturen i aktuelle internasjonale markeder	Forklarer omgrepet forretningskultur.	Presenterer forretningskulturen i aktuelle internasjonale marknader knytte til eksamensoppgåva.	Beskriv utfordringane knytte til forretningskulturen som er aktuell i eksamensoppgåva.
	vurdere internasjonale forretningsmuligheter for et produkt	Forklarer kva ei internasjonal forretningsmoglegheit er.	Gjer greie for rammevilkår knytte til internasjonale forretningsmoglegheiter i eksamensoppgåva.	Samanliknar dei internasjonale forretningsmoglegheitene som er aktuelle i eksamensoppgåva, og gir ei tilråding.
	beskrive prosessen ved import og eksport av et produkt	Definerer omgrep knytte til import og eksport.	Forklarer prosessen ved import og eksport.	Beskriv prosessen ved import og eksport knytt til eksamensoppgåva.
	drøfte en virksomhets sosiale, etiske og miljømessige utfordringer	Forklarer omgrepa sosiale, etiske og miljømessige utfordringar.	Gir ei oversikt over aktuelle sosiale, etiske og miljømessige utfordringar knytte til eksamensoppgåva.	Viser forståing og ser konsekvensane av dei aktuelle utfordringane i eksamensoppgåva.

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no